



Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

4/2008

Desember • Årgang 15



## Rett frå dunken

### Ruteendringar i romjula

Både i Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes kommunar vert det ruteendringar for bosbilen i romjula. Årsaka er at tømmedagar fell på rørelege heilagdaggar. Nye tømmedagar går fram av tømme kalenderen for 2008. Tømme kalenderen kan lastast ned frå [www.sim.as](http://www.sim.as). Merk at enkelte ruter vert køyrde før vanleg tømmedag.

### Tømmekalender 2009

Tømmekalenderen for 2009 kjem i posten i løpet av eit par veker. Ta vare på den. Kalenderen viser kva for veker det er tømning av rest, bio og papir i din kommune, og kva som skjer når tømmedagen fell på ein røreleg heilagdag. Kontakt SIM, tlf. 53 45 78 50, dersom du ikkje har fått kalenderen før årsskiftet. Kalenderen kan også lastast ned frå [www.sim.as](http://www.sim.as).



Pensjonist Rolf Helland leverer EE-avfallet sitt til miljøsentralen i Svartasmoget.

## Enkel hugseregul for EE-avfall

**- Regelen er enkel, seier Rolf Helland: - Alle kasserte produkt som i si tid gjekk på straum eller batteri, er EE-avfall. Dei skal leverast til miljøsentral eller forhandlar av slike produkt, ikkje kastast i restavfallet.**

Pensjonisten frå Fitjar har rett. EE-avfall inneheld farlege stoff som kvikksølv, kadmium og krom og skal ikkje blandast med anna bos.

EE-avfallet vert sendt vidare til fabrikkar som

fjernar miljøgiftene. Dei delene av boset som ikkje er farlege, eller som ikkje kan brukast om att, vert brende og energien utnytta.

Alle som forhandlar EE-produkt har plikt til å informera kundane om at EE-avfall ikkje skal kastast i lag med anna bos, og at produkta kostnadsfritt kan returnerast til butikken når dei er kasserte.

Enkelt å hugsa, altså: Alt som i si tid gjekk på straum eller batteri.



## Meir refleks på lager

SIM har tinga nytt opplag refleksstriper til å ha på bosdunkane. Refleksane er meint å gjera dunkane lett synlege i mørkret, og å motverka at dei skaper trafikkfarlege situasjonar på tømme-staden. Reflek-sane er gratis. Dei kan fåast på SIM sine miljøsen-tralar, eller tingast på e-postadressa [sim@sim.as](mailto:sim@sim.as).



Trine Tverborgvik viser korleis refleksen skal plasserast på dunken.

## Julegåvepapir er restavfall

Julegåvepapir og pakkeband skal kastast i restav-fallsdunkn og ikkje i dunkn for papir. Årsaka er at gåvepapir er gjennomfarga og inneheld for lite fiber til at det kan gjenvinnast til nytt papir.

## Ekstrasekk for julebaset

I jula har det lett for å hopa seg opp med bos. Det kan vera lurt å sikra seg nokre ekstrasekker på førehand. Dei får du kjøpt på miljøsentralen eller på kommunehuset for kr 40 per stk. Sekkene kan setjast fram den dagen det er tømning av restavfall hos deg.

## Unngå at bio'en frys

Dersom bioavfall får frysa fast i bosdunkn, kan det vera vanskeleg å tømme den. For å motverka dette kan det vera lurt å leggja strø eller eggekartong nedst i dunkn.

## Varsam med dunkplasseringa

SIM oppmodar alle om å vera nøye med kor/korleis dei plasserer bosdunkane. Dunkane skal plasserast ved veg, ikkje i veg. Unngå at dunkane skaper tra-fikkfarlege situasjonar.



# Oftare ope på miljøsentralane

## SIM tek konsekvensen av besøksveksten dei siste åra og utvidar opningstidene på miljøsentralane. Prisane for levering vert ikkje auka.

Utvidinga gjeld frå komande årsskifte og be-står i laurdagsopne miljøsentralar éin gong i månaden i vinterhalvåret. I tillegg får Bømlo miljøsentral ope på måndagar heile året. Op-ningstider elles i veka vert som før på samt-lege miljøsentralar. Sjå sistesida i dette bladet for nøyaktige opningstider.

## Første og siste laurdag

Bømlo og Kvinnherad miljøsentralar vil vera opne første laurdag i månaden i vinterhalvåret (perioden frå 1. oktober til 31. mars). Miljø-sentralane i Austevoll, Sveio og Tysnes vil ha ope siste laurdag i månaden.

I sommarhalvåret vil samtlege miljøsentralar ha ope annankvar laurdag, som før.

Bømlo miljøsentral får i tillegg ope kvar mån-dag heile året. Dermed kan bømblingane levera avfall til gjenvinningsstasjonen både måndag, tysdag og torsdag kvar veke, pluss laurdagane.

Den einaste miljøsentralen som ikkje får ut-vida opningstidene i denne omgang, er Svar-tasmoget i Fitjar.

Miljøsentralane vil som oftast vera stengde på laurdagar som fell på rørlege heilagdaggar (t.d. i jula). Sjå tømme-kalenderen eller siste sida i dette bladet for nøyaktige opplysningar.

## Nye miljøsentralar

Bruken av SIM sine miljøsentralar har auka med 10-12 % kvart av dei siste åra. SIM plan-legg nye miljøsentralar både i Stord og Bømlo kommunar. Kva tid desse kan byggjast, er uklårt. SIM er klar til å setja i gang, men har ikkje funne høvande tomter enno.

Oscar Ingebrigtsen er fast brukar av SIM sine miljøsentralar. Her har det vore rydding i kjellaren.

# Viktig å brøyta og strø

SIM ber om at private vegar vert måka og strødde ved snøfall og frost, slik at bosbilane kan køyra trygt.

Det er eigar/bruksrettsinnehavar av privat veg som har ansvar for vedlikehald av vegbanen, grøfter og andre innretningar knytt til vegen. Dette inneber også brøyting i full vegbreidd og strøing av glatte parti. Også snuplassar må måkast og strøast.

Sjåføren kan la vera å køyra strekninga dersom han meiner vegbanen er for glatt, eller han meiner vegvedlikehaldet er så dårleg at det kan oppstå fare for personar eller utstyr.



## Slamtømming i 2009

I 2009 skal SIM tømme septiktankar i Austevoll, Bømlo, Kvinnherad, Stord og Sveio kommunar. Eige informasjonsblad med nærare informasjon kjem i posten når det nærmar seg tømning i din kommune.



Ole Andreas Endresen tømmer slam for SIM.

## Kjeldesortering på framandspråk

SIM tilbyr kjeldesorterings-rettleiing på ti språk. Rettleiarane viser kva for type bos som skal i kva for ein bosdunk. Språka er norsk, engelsk, tysk, spansk, russisk, polsk, litauisk, tsjetsjensk, somalisk og arabisk.

Rettleiarane kan lastast ned frå SIM sin nettstad; [www.sim.as](http://www.sim.as). Bruk fargeprinter ved utskrift. SIM oppmodar alle som har kontakt med framandspråk-lege om å gjera tilbodet kjent. Det er huseigar sitt ansvar å syta for at husstanden har forskriftsmessig bosordning. Det er også han som skal informera eventuelle leigetakarar om ordninga.

Rettleiarane kan lastast ned frå [www.sim.as](http://www.sim.as)



Sendar:

## OFFENTLEG INFORMASJON

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmoget  
N-5419 Fitjar



## Hystad 4C vann teiknedugnaden

Klasse 4C ved Hystad skule i Stord kommune vart trekt ut som vinnar av SIM sin teiknedugnad for haustsemesteret 2008. Premien, eit gåvekort på 2 500 kroner, vart overrekket elevane under ei tilstelling i klassen torsdag 13. november.

400 fjerdeklassingar frå heile Sunnhordland har vore på

ekskursjon i Svartasmoget i haust for å sjå korleis boset vert behandla, og for å læra om kjeldesortering, resirkulering og berekraftig utvikling. Mange av elevane sende SIM teikningar i etterkant av besøket. Oppgåva var å teikna eitt eller anna som hadde med bosbehandling å gjera.

*Klasse 4C ved Hystad skule.  
Bak f.v.: Amalie Riise, Kristoffer Kleven, Martha Kristin H. Andersland, Lars Tømmervik, Ingrid Tømmervik, Ola Angeltveit og lærar Kari Mette Søreide.  
Midten: John Christian Fadnes. Mats Flatås, Anette Vatna, Nicholai Laukhammar og Amanuel Odicho. Framme: Gard Pedersen, Sander Haukefær, Mari Grov og Martin Engelsen.  
Ikkje til stades:  
Mari T. Aarbø og Eurora Berg.*



## Opningstider miljøsentralane 2009

### Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Bømlo, Hollundsdalen

Måndag, tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Fitjar og Stord, Svartasmoget

Måndag kl. 08.00 – 18.00.

Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30

Annankvar laurdag (partalsveker)  
kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. april – 30. sept.:  
Torsdagar kl. 08.00–18.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.  
Onsdag før skjærtorsdag ope til kl. 12.00.

### Kvinnerad, Husnes industriområde

Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00.

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan stengt.

### Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.



Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

Svartasmoget, N-5419 Fitjar  
Telefon: 53 45 78 50  
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: [sim@sim.as](mailto:sim@sim.as)  
Nettstad: [www.sim.as](http://www.sim.as)

SIM